



Miljødirektoratet  
Postboks 5672 Sluppen  
7485 TRONDHEIM

Dato: 23.04.2015  
Vår ref.: 2015/66-10  
Saksbehandlar: eirkniv  
Dykkar ref.:

## **Tilleggssøknader om tilskot til sikring av friluftsområder 2015 kap. 1420 post 30**

Vi viser til dykkar brev sendt frå dykk av 20.04.15 der de ber om ein uttale frå fylkeskommunen om dei to tilleggssøknadane på sikring av friluftsområder (kap. 1420 post 30). Søknadene gjeld områda Langøy sendt frå Friluftsrådet Vest og Stanghelle sendt frå Bergen og Omland friluftsråd.

Føremålet med ordninga er at friluftslivet skal styrkast som ein helsefremjande, trivselsskapande og miljøvennleg fritidsaktivitet. Hordaland fylkeskommune har ansvar for vurdering og prioritering av saker om statleg sikring av friluftsområde i Hordaland. Kultur og ressursutvalet skal handsame vurderinga og prioriteringa av tilleggssøknadane i møte 13. mai 2015. Protokoll vert ettersendt om det vert endringar i høve til innhaldet i dette brevet.

Det vert vist til tidlegare korrespondanse knytt til søknader om statleg sikring av friluftsområde for 2015. Hordaland fylkeskommune har etter søknadsfristen motteke ytterlegare to søknader om statleg sikring av friluftsområde, ein frå Bergen og Omland Friluftsråd og ein frå Friluftsrådet Vest. Søknadane gjeld Stanghelle i Vaksdal kommune og Langøy i Fitjar kommune. Dei to søknadane omhandlar områder av regional tyding og har samstundes særlege naturtypekvalitetar. Begge områda er lagt ut for sal på den opne marknaden.

Hordaland fylkeskommune tilrår at Miljødirektoratet gjer vedtak om sikring av friluftsområde i følgjande prioriterte rekkefølge:

1. Stanghelle, gnr.478, bnr.20 i Vaksdal kommune.
2. Langøy, gnr.19, bnr.1 i Fitjar kommune.

Til grunn for vurderinga av søknadane ligg føringar frå Miljødirektoratet, Regional kulturplan for Hordaland (2015-25) og kartlegginga/ verdsettinga av regionale friluftsområde i Hordaland frå 2008. Friluftsområder med følgjande kvalitetar vert prioritert:

- Areal i nærleiken av bustadområde som kan nåast utan bruk av bil eller båt, og som kan brukast av store folkegrupper i og ved byar og tettstar.
- Grøne korridorar og ferdslårer til friluftslivsområde, landfaste areal ved sjøen og sentrale område ved innlandsvassdrag egna for fritidsfiske.
- Områder som vil bli intensivt nytta, og som treng tilrettelegging for å kunne brukas til friluftslivsføremål.
- Områder som er handsama og prioritert i regional og/eller kommunal planprosess etter plan- og bygningslova sine føresegner.
- Områder der det er mogleg med rask gjennomføring av sikringsprosessen (saker som truleg blir gjennomført innan eit til to år).

Begge søknadane fyller vilkåra for statleg sikring. Søknadane gjeld kjøp/tilrettelegging av areal som vert vurdert som viktige regionale friluftsområde. Bergen og Omland Friluftsråd og Friluftsrådet Vest har høg kompetanse og gjer ein god jobb både i samband med sikring og forvaltning av områda. Det kan difor leggjast til grunn at dei føremål og tiltak som er skildra vil verte ivareteke på ein god måte.

Dette er særst sentralt i søknaden om Langøy, som har viktige naturtypar som må haldast i hevd for å kunne oppretthalda og auke naturverdien i området.

Hordaland fylkeskommune vil tilrå at begge søknadane vert innfridd fullt ut. Under følgjer ei kortfatta skildring og vurdering av søknadane.

### 1. Stanghelle

Bergen og Omland Friluftsråd søker om kr. 502 000 til statleg sikring av området Stanghelle gnr.478, bnr.20 i Vaksdal kommune. Området Stanghelle er ein tettstad i Vaksdal som ligg ved fjorden og Dalevassdraget renn forbi. Grunngeving for statleg sikring av området er eit ønskje frå Bergen og Omland friluftsråd om å leggja til rette for ein utstyrsbase for ålmenta med kajakkar og småbåtar, med tilgang til vassdraget og fjorden på Stanghelle. For å opprette utstyrsbase er det behov for naust og parkeringsplass for bilar. Ønskjeleg tomt med tilhørande naust for dette tiltaket er no til sals på det opne marknaden. På nabotomta som er eigd av Vaksdal kommune, har allereie Bergen og Omland friluftsråd oppretta ei kajakk- og kano bryggje.

Området eignar seg godt til båtutfart og fiske i salt- og ferskvatn, og turområde sommartid. Friluftsområdet på Stanghelle kan ved tilrettelegging få auka bruk frå barnehagar, skular, innbyggjarane i Vaksdal og frå heile Bergensregionen.

- Området kan lett nåast utan bil eller båt. Bergensbanen og E 16 går heilt i nærleiken.
- Område har allereie ei eiga kano og kajakkbryggje, og området er eigna for personar med funksjonsnedsetjing.

Tiltaket det er søkt om vil gje området kompletterande meirverdi i høve tiltaka som allereie er gjort i området, samt den tiltenkte bruken. Hordaland fylkeskommune er samd i Bergen og Omland Friluftsråd si skildring og vurdering av behov for tilrettelegging på Stanghelle som eit regionalt friluftsområde, og tilrår at søknaden vert innfridd.

### 2. Langøy

Friluftsrådet Vest har søkt om kr 2 500 000 til statleg sikring av områda Langøy gnr.19, bnr.1 i Fitjar kommune. Store delar av områda på Langøy er registrert som Kystlynghei i Naturbase.no. Lyngheia på Langøy står registrert som område med verdi B (viktig) i Naturbasen til Miljødirektoratet. Kystlyngheia på Langøy er avhengig av riktig og god skjøtsel for å ta vare på og auke sin naturverdi. Difor er det til ålmenta si interesse om Friluftsrådet Vest får forvaltingsansvaret.

Langøy ligg sentralt i Fitjarøyene, som ikkje er eit nærfriluftsområde, men eit unikt og mykje brukt båtutfartsområde for heile regionen. Området eignar seg godt til bading, strandbaserte aktivitetar i saltvatn, fiske i saltvatn, oppleving av kulturattraksjon, turmål og telting samt andre land- og vatn baserte friluftaktivitetar. Sikring av Langøy vil etter Hordaland fylkeskommune si vurdering sikra ålmenta betre høve for helsefremjande, trivselskapande og miljøvennleg friluftsliv i eit område med høge opplevingsverdiar i naturen. Hordaland fylkeskommune støttar seg til utsegna til Fylkesmannen i Hordaland og rår til at det vert løyvd tilskot for å sikre Langøy.

Om de har spørsmål eller treng utfyllande informasjon kan de kontakte rådgjevar Eirik Knive på e-post: [eirik.knive@hfk.no](mailto:eirik.knive@hfk.no) eller tlf: 55 23 91 66.

Rune Haugsdal  
fylkesrådmann

Anna Elisa Tryti  
fylkesdirektør kultur og idrett

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

Kopi til:  
Heidi Grete Betten